



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Andreas Andersen Rusten
Telefon: 57643189
E-post: fmsfaru@fylkesmannen.no

KOPI

Vår dato
28.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/4658 - 423.1
Dykkar referanse

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
02. 02. 2015	
Ark.saksnr 14/3150	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Omgjering og realitetshandsaming av sak 14/4658 om frådelling frå gbnr. 180/1 i Lindås kommune

Vi viser til vårt vedtak i sak 14/4658 av 08.01.2015 der vi som klageinstans gjorde vedtak om å avvise di klage datert 27.06.2014, slik at vedtak gjort av Lindås kommune i sak 14/3150 av 02.05.2014 vert ståande. Klaga vart avvist sidan det ikkje var klaga innan klagefristen.

Lindås kommune gjer i brev av 12.01.2015 greie for kvifor kommunen ikkje hadde presisert i saksutgreiinga eller vedtaket at du hadde fått utsett klagefrist. Kommunen vonar at saka no kan takast til vanleg handsaming.

Oppsummering

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i lys av nye opplysningar kome til at klaga di var framsett innanfor den forlengta klagefristen. Vi har vurdert klaga, men har ikkje funne grunn til å ta klaga til følgje. Vi har derfor stadfesta kommunen sitt vedtak.

Regelverk

Etter forvaltningslova § 35 første ledd kan eit forvaltningsorgan gjere om sitt eige vedtak dersom endringa ikkje er til skade for den vedtaket rettar seg mot, dersom melding om vedtaket ikkje har kome fram til vedkomande og vedtaket heller ikkje er kunngjort offentleg, eller vedtaket må vurderast som ugyldig.

Etter føresegna siste ledd kan eit vedtak også gjerast om med heimel i ålmenne forvaltningsrettslege føresegna. Omgjering etter denne føresegna vert gjort etter ei interessevurdering. Dei omsyna som talar for omgjering må vege vesentleg tyngre enn omsyna som talar i motsett retning.

Fylkesmannen si vurdering

Lindås kommune skriv i brevet av 12.01.2015 at kommunen gav deg fristutsetjing til å klaga frå 08.06.2014. Fylkesmannen legg opplysingane til grunn som riktige. Det er eit ålment forvaltningsrettsleg prinsipp at saker skal avgjerast på riktig faktagrunnlag. Med heimel i forvaltningslova § 35 siste ledd gjer vi om vårt vedtak av 08.01.2015. Saka vert realitetshandsama.

For dei faktiske forholda i saka viser vi til saksutgreiinga vår i sak 14/4658 av 08.01.2015, og til dei kommunale saksdokumenta elles.

Lindås kommune har gjeve deg dispensasjon til frådelling av bustadhuset frå gbnr. 180/1, men med eit mindre tomteareal enn kva du søkte om. I di klage av 27.06.2014 grunngjev du kvifor frådellinga av det gamle våningshuset må godkjennast for 3,5 daa, og ikkje berre 1,3

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

daa. Klagesaka gjeld følgeleg vurderinga av kor stort tomteareal som skal delast frå eigedomen.

Etter plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd jf. første ledd *kan* kommunen gje dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av lova. Ein søkar har ikkje krav på å få ein dispensasjonssøknad godkjent sjølv om vilkåra i føresegna elles er oppfylte. Kommunen kan på sakleg grunnlag likevel avslå dispensasjonssøknaden. Det er omsyna fastsett i plan- og bygningslova som er relevant å vektleggje i vurderinga. Omsyna som ligg bak føresegna det er søkt dispensasjon frå gjer seg særleg gjeldande.

Spørsmålet er om Lindås kommune la til grunn saklege vurderingstema då kommunen fann vilkåra for å dispensere som oppfylte, men ikkje gav dispensasjon som søkt om fullt ut.

Kommunen har i saksutgreiinga for vedtaket av 02.05.2014 for det første lagt særleg vekt på landbruksomsyn. Kommunen viser til utgreiinga som er gjort etter jordlova. Her har kommunen gjort konkrete vurderingar av tilhøva på eigedomen, både angående beitemark, bruksstruktur, og kulturlandskap. Kommunen la også særleg vekt på fråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland. I fråsegna minner Fylkesmannen i Hordaland om den nasjonale arealpolitiske målsetjinga om å redusere omdisponering av jordbruksareal, og oppmodar kommunen om å vurdere ein reduksjon av storleiken på arealet som er ønska frådelt.

Kommunen la til grunn dei same vurderingstema i klagehandsaminga 03.09.2014. Kommunen gjorde også ei konkret vurderinga av klagepunkta dine. Det er særleg landbruksomsyn som ligg til grunn i vurderinga av klagepunkta, og korleis den nasjonale arealpolitiske målsetjinga om å redusere omdisponering av jordbruksareal samsvarar dårleg med frådeling av eit større tomteareal i denne saka.

Vi tiltrer elles vurderinga frå kommunen om at det er fullt mogleg å realisere bustadføremålet og behovet for garasje innanfor den godkjente tomte på 1,3 daa. Det er då få arealmessige fordelar ved å tillate ei større frådeling. Vi har derfor komme til at fordelande ved å godkjenne søknaden slik du ønskjer, ikkje er større enn ulempene for dei interessene LNF-formålet i kommuneplanen skal ivareta. Vilkåra for å dispensere er då ikkje innfridde, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vi kan etter dette ikkje sjå at kommunen har lagt til grunn usaklege vurderingsmoment ved handsaminga av saka. Det er heller ikkje grunnlag for rettsleg kritikk av avgjerda om å redusere tomte til 1,3 daa.

Vedtak

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane stadfestar Lindås kommune sitt vedtak i sak 14/3150 av 02.05.2014.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Andreas Andersen Rusten
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Elektronisk kopi

Fylkesmannen i Hordaland

14/4658